

Gestikulering hjelper tanken

Språk og innlæring kan bli hemma dersom born ikkje får lov til å røra på hendene sine.

Slik konkluderer Dr. Karen Pine ved Universitetet i Hertfordshire. Pine har leidd ei rekkje studium kring samanhengen mellom born sine handrørsler og tale. Borna som ikkje fekk gestikulera når dei skulle forklara kva dei såg på bilete, hadde vanskar med å finna dei rette orda. Rørslene synte seg òg å hjelpa dei til å snakka flytande. Handrørsler viste seg å vera ekstra viktig for born med som hadde språkproblem.

– Gestar er viktig for både tanke og tale. Born som ikkje får gestikulera, slit med å konseptualisera ideane sine, seier Pine ifølgje BPS Media Centre.